

ÅRSPLAN FOR SOLHAUGEN BARNEHAGE



2019-2020

Barnehagen
vår

Solhaugen Barnehage

Barnehagen har fire avdelingar for aldersgruppa 1-6 år. Det flotte bygget på Storbruhaugen opna dørene 27. september 2001.

Barnehagebygget ligg fint til ved bu- og servicesenter i trygge og rolige omgivelser med gangavstand til turterreng, skule og butikk.





- Solhaugen barnehage SA har utarbeida ein årsplan som er i samsvar med krav til årsplan slik dei er beskriven i barnehagelova og rammeplan. Ny rammeplan trede i kraft 1.august 2017 og er ein forskrift til barnehagelova. Årsplanen utarbeidast i samarbeid mellom barnehagetilsette, barn og foreldre og dannar grunnlag for pedagogisk innhald, aktivitet og samhandling gjennom året. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og dokumentar barnehagens val og grunngevingar. Årsplanen gir informasjon om det pedagogiske arbeidet til barnehagens eigar, myndigheitsnivå, barnehagens samarbeidspartnarar og andre interesserte.



Solhaugen Barnehage

Visjon:

»Med hjarte for borna»

I Solhaugen barnehage skal me ha:

Trygge, glade, aktive og engasjerte
born og vaksne.

Innhold

1. Velkomen
2. Visjon og pedagogisk plattform
3. Verdier
4. Danning, leik og læring
5. Satsingsområda
6. Fagområda
7. Barns medverknad
8. Diverse
9. Samarbeid barnehageheim
10. Samarbeid med andre instansar
11. Planlegging, dokumentasjon og vurdering.

Velkomen til barnehageår 2019/20!

Du sit no med ein årsplan som gjeld for Solhaugen barnehage SA. Dette er ein overordna plan og dei ulike avdelingane vel metodar ut frå alder og bornas intresser for å nå måla satt i årsplanen. Det er viktig at dei ulike avdelingane får ha fokus på det som er viktig hjå dei, samstundes som heile barnehagen dreg i same retning. Kvar avdeling vil gjennom månadsbrev syngligjere kva dei er opptekne av og kva for fagområder og mål som står i fokus.

Solhaugen barnehagen har fire avdelingar:

Trimmen: 0-3 år, 14 born

Byggeriet : 3-6 år, 18 born

Fargeklatten: 3-6 år, 20 born

I august 2019 startar vi opp med 42 store barn og 9 små barn (eit born kjem i desember-19). Ved inntak av fleire barn vil me gjere endringar og me nyttar avdelinga Fabel til leik og aktivitetar.

Årsplanen er eit arbeidsdokument for barnehagen som dannar grunnlag for dei dokumenta som vert delt ut på avdelingane, (temaplan osv).

Årsplanen beskriv barnehagen sitt pedagogiske grunnsyn, måla me arbeider mot og kva metodar og tiltak me brukar for å nå desse.

Dette barnehageåret er satsingsområdet:
Skape positive relasjonar til barn.

Pedagogisk plattform

Kvart barn er eit unikt individ som skal bli møtt med respekt, omsorg og likeverd i vår barnehage. Me ynskjer å etablere ein felles praksis i barnehagen som gjenspeglar dette i møte med kvart barn i kvardagen, anten det gjeld leik og moro eller i rutinar, reglar og grensesetting. Barnehagen skal være ein arena for å gi alle barn positive relasjonar til andre barn og til vaksne, og skal bringe barn i læringsposisjon så dei får utvikle seg i positivt samspel med andre menneskjer.

Vår metode og verktøy i dette arbeidet har barnehagen satsa på opplæring og bruk av det forskingsbaserte programmet «Dei utrolege årene» utarbeidd av Carolyn Webster Stratton.

Forskning har vist at barnehage- og skoleprogrammet av Dei utrolege årene (DUÅ) bidreg til å styrke dei tilsette sin kompetanse i klasse- og gruppeleing, auke barna sin sosiale kompetanse og førebygge og redusere åtferdsvanskar hjå barn.


Dei utrolege årene er eit verktøy som byggjer på sentrale teoriar, metodar og prinsipp som gjennom forskning har blitt løfta fram som betydningsfulle for å gi barn ein positiv utvikling innan trygge og forutsigbare rammer:

- Personalet lærer korleis:
 - Skape positive relasjonar til barn
 - Fremje sosial og emosjonell kompetanse hjå barn
 - Bringe barn i læringsposisjon
 - Førebygge uro og åtferdsvanskar
 - Korleis få borna sin oppmerksamheit
 - Skape ro i overgangssituasjonar
 - Korleis skape motivasjon for læring og endring
 - Tilpasse konsekvensar
 - Korleis legge til rette for godt samarbeid med foreldre

Dette er verktøy og metodikk som barnehagen arbeider aktivt for å få etablert i sin daglege praksis i møte med alle barn og foreldre, og er eit overordna satsingsområde for inneverande og komande år. I Solhaugen barnehage vil vi også gjere bruk av andre relasjonsverktøy som International Child Development, Dialog, Cos, Vere saman.


1.Barnehagensverdigrunnlag

Born og barndom



Ein god barndom skal vare livet ut og for oss startar barnet på denne vegen i Solhaugen barnehage. Her skal born bli møtt av sensitive og omsorgsfulle vaksne. Born treng varme og forståingsfulle vaksne rundt seg både heime og i barnehagen. Barns tilknytning til foreldre dannar den viktigaste rammen rundt deira utvikling (Brandtzæg,Toresteinson,Øiestad,2014). Personalets relasjons kompetanse og vilje til å utvikla den, vil vera grunnmuren for borna. Borna skal bli møtt av varme vaksne som sett ord på deira følelsar og kan tolke deira kroppslege uttrykk. Dette bidreg til bornas mogleheit for å utvikle seg som sosiale og kompetente menneskjer. En god barndom startar med relasjonskompetente vaksne som ein viktig del av bornas tillit, trygghet og trivsel. Personale ser det enkelte born og samtidig tar ansvar for relasjonens kvalitet i kvardagen. Alle born skal oppleve å bli likt og at me gleda oss til være saman med borna. Born gjer så godt dei kan og det er vår jobb i samarbeid med føresette å hjelpe borna på veg til ein god og sunn utvikling.

Relasjonskompetansen



Det er stor einigheit om at relasjonskompetansen er viktig i profesjonelt arbeid med born. Men kordan ser relasjonskompetansen ut i praksis? kva gjer man når man er relasjonskompetent?

Å ha personale som tar ansvar og er bevisst sin eigen relasjonskvalitet er grunnleggande for å jobbe i barnehage (Druglie,2010).

I Solhaugen barnehage er vaksen - born relasjon viktig for å fremje trivsel, trygghet, god utvikling og samarbeid med bornas heim. Bakke og Flaten studie (2018) visar til at barnehagen må utvikla ein kultur som fremjar refleksjon, og bli bevist på kva som kjenneteiknar positive og negative relasjonar og kva betydning dei har i arbeidet med borna.

I Solhaugen barnehage skal personale bli bevist sin relasjonskompetanse og relasjonskvalitet. Kva er det borna trenger? Kva betyr det borna forteljar med kropp og stemme? Me vil bruke omgrepet til dansk psykolog Anne Linder Stjernestunder, der personalet beskriver augneblink og positive hendingar i samspelet mellom vaksen- barn, som bidrar til forskjell, ny forståing, innsikt og erkjenninga i personalet sin relasjonskompetans.

Metoden vil være observasjonar og praksisfortellingar.
Beskriv ei stjernestund der du :



Det emosjonelle samspelet med barnet

- Visar at du er i glad/likar borna
- Du fyljer bornas initiativ, og tilpassar deg
- Du inviterer borna til samspel, lyttar og svarar, du gir borna anerkjenning for det borna meistarar.

Det meningssskapande/undrande og lærande samspelet

- Du får borna sin oppmerksomd
- Du holdar på bornas oppmerksomd ved å vise følelsar og engasjement
- Du utvidar bornas oppleving ved å forklare

Det regulerande og veiledane samspelet

1. Der du skaper tydelege rammer ved å være føreseieleg
2. Der du forteljar kva borna skal gjere steg for steg

Dette er tatt ut frå ICDP- International Child Development- eit sensitiviteringsprogram for å betre samspel til born.

Solhaugen sitt verdifokus: Anerkjenning, likeverd og respekt

Barnehagen skal formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar og representera eit miljø som byggjer opp om respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike. Menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom og toleranse er sentrale samfunnsverdiar som skal leggjast til grunn for omsorg, oppdragelse, leik og læring i barnehagen (rammeplan for barnehagar s. 10).

Vi Solhaugen meiner:

Gode relasjonar i kvardagen er nøkkelen til alt godt for dei små.

Tryggheit er fundament for born.

Borna treng minst ein trygg vaksen å vera nært knytt til i barnehagen, som ei “trygg hamn” i kvardagen.

Autoritativ vaksenstil

Den autoritative vaksenstilen er noko vi vaksne strekker oss etter, og jobbar med å være mest mogleg autoritative gjennom hele barnehagedagen. Å være autoritativ, vil seie å være ein varm og grensesettjande vaksen saman med borna.

Me har i følge Baumrin 4 ulike vaksenstilar me kan bruke. For å forklare dei 4 ulike vaksenstilane bruker me denne dette biletet:

Som me ser av modellen har den to aksar. Den eine heiter relasjonsaksen. Den handlar om kor varm den vaksne er saman med borna. Det handlar om graden av nærheit og varme til borna.

Den andre aksen kallas kontrollaksen, og handlar om kor tydeleg man er som vaksen når en stiller krav og forventningar til borna. Målet er som Dykk ser av modellen er å gje borna mykje varme og nærheit, samtidig som man som vaksne er tydeleg og setter klare grenser og forventningar til borna. På den måten blir det trygt og forutsigbart for borna.

VOKSENSTILER

AUTORITÆR VOKSENSTIL


MYE KONTROLL OG LITE VARME

Gi mer nærhet
Støtt barnets gode sider
Vær barnets veileder

VARME OG GRENSESETTENDE VOKSNE

MYE KONTROLL OG MYE VARME

Finn balansen mellom varme og kontroll
Gi trygghet og gode rammer
Vær en forutsigbar vaksen



Arbeid i barnehage er spennande, fordi du blir personleg utfordra på dette:

*evne til å
kunne utsette
egne behov

*evne til å
engasjere,
motivere,
inspirere

*orienterings-
og ordensevne

*kunne se kritisk
på egen adferd i
samvær m. andre

*evne til å gjøre
opp saker, istedet
for å bære nag



*evne til inn-
levelse

*din tålmodighet

*kunne tåle kaos
og frustrasjoner

*din allsidighet

*din omstillingsevne

*evne til vennlighet mot
alle uansett om du liker de
eller hvordan de ser ut

*din fantasi og kreativitet



Verdiar

Arbeidsmal for
kvar månad



Relasjon:

Borna skal få oppleve:

Personalet skal:

Anerkjennelse:

Borna skal få oppleve:

Personalet skal:

Tryggleik:

Borna skal få oppleve:

- Tydelege vaksne
- Trygge vaksne
- Samkjørte vaksne
- Medbestemming
- Forutsigbarhet

Personalet skal:

- Ta ansvar for relasjonsbygging
- vera trygge og tydelege vaksne
- visa omsorg

Danning

Borna skal få oppleve:

- Respekt
- Å erfare korleis ein skal vera med andre menneske
- Å erfare ulike strategiar for å meistre ulike situasjonar
- Engasjerte vaksne som møter dei i her- og no situasjonar og set ord på og samtalar om barnet sine undringar og erfaringar

Personalet skal:

- Vere gode rollemodellar
- Oppmuntra og støtta barna til å tenkje sjølv og ta aktive val
- Undre seg i lag med barna gjennom aktivt å setje ord på undringar og refleksjoner i lag med barnet
- Vere open for andre sine meiningar

Danning

Til alle tider har god oppdragelse vorte sett høgt. Oppdragelse har til hensikt å overføre kunnskap, verdiar og haldningar til born som om dei var blanke ark.

Danning derimot, skal setje borna i stand til å tenkje sjølv, søkje kunnskap, verdiar og haldningar saman, gjennom dialog – der alle vert anerkjende som sjølvstendige menneske med følelsar og tankar i ein felles prosess.

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Gjennom gode dannelsingsprosessar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å være prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølve som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap.

I vår barnehage legg vi vekt på å utvikle praksis for gode dannelsingsprosessar som ivaretek alle barn i barnehagen. Dette føreset at alle tilsette strekker seg mot felles haldningar, verdigrunnlag og etiske prinsipp som samsvarer med det samfunnsmandat barnehagen er gitt gjennom rammeplanen og lokale føringar. Det føreset og at det blir gitt rom for og lagt til rette for at kvart barn kan utforske, undre seg og snakke med vaksne om dei erfaringar dei gjer i kvardagen.

Leik

*"Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter".
(Barnehageloven § 2
Barnehagens innhold 2. ledd)*



Leik

Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken er eit fenomen der barn har høg kompetanse og stort engasjement. Eit leikefelleskap legg grunnlaget for vennskap. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at born trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt. For born er leiken lystbetont, og er difor eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken går borna inn i ein late-som-om verden. Leiken er magisk og ein stad kor alt kan skje. I leiken får dei utforske fantasien og kreativitet. På den måten blir leiken grunnleggande for utviklinga av personleg og kulturell identitet. Det skal leggjast til rette for at alle barn får delta i leik med andre barn.

Barna skal få oppleve:

- Eit variert leikemiljø
- Glede og humor i leiken
- Vennskap

Personalet skal:

- Arbeide med vennskap og sosial kompetanse
- Vere med på å utvikla og inspirera leiken
- Støtta og rettleia barna i leiken
- Skape et variert og stimulerande leikemiljø med bruk av eit utval av bøker

Læring

”Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen..»

(Barnehageloven § 1 formål, 2. ledd)



Læring

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte, slik at det dannar grunnlaget for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. Interessene og spørsmåla til barna bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.

I vår barnehage vil vi legge til rette for at alle barna får utvikle egne interesser samstundes som barnehagen legg til rette for felles opplevingar som grunnlag for å utvikle undring, felles leikerepertoar, samspel og meistring. Vi vil nytte alle kvardagsaktiviteter som læringsarena, frå av- og påkledning, måltid og kvilestund, til fjellturar, tur i nærområdet og studie av insektar mm.

Borna skal få oppleve:

- Meistring
- Aktivitetar og ulike opplevingar
- Samarbeid

Personalet skal:

- Rettleie barna
- Gje barna moglegheit til å prøva og utforske
- Undre seg saman med barna

Utviklingsmål for barnehagen 2019 - 2020

Utviklingsmål for barnehagen 2019-2020

I Solhaugen Barnehagen ynskjer me å vidareutvikle

- 1.Samarbeid heim - barnehage.
- 2.Bli gode på å beskrive stjernestunder frå kvardagen
3. Foredling av språkløypen gjennom prosjektet «skal vi leike ei bok»
4. Leiken skal få større og betre plass i kvardagen til borna

Utvikling av samarbeid heim og barnehage prosessarbeid i Su 24.04.19

Her er eit utrag av tiltak.

1. Personalet skal bli betre på fortelja korleis borna har det i Solhaugen .

Tiltak:

- Personalet skal øve seg på å fortelje om stjerneaugeblikk i kvardagen
- Foreldra skal levere borna inne på avdelinga

2. Solhaugen barnehage skal gje god informasjon om innhaldet i barnehagen

Tiltak

- Ein kommunikasjonsplattform (Vigilo) og gjere bruk av den
- Foreldra skal bli aktiv til å vita kor dei kan henta informasjon.

3. Barnehagen skal bli betre på å gje beskjed om endringer i personalgruppen

Tiltak

- Kvar avdeling skal ha bilde av kven som er på jobb i dag til kva vakt.
- Endringar vi veit om kjem som informasjon frå den enkelte avdeling på månedsbrev eller informasjon på Vigilo.

Foreldre- samarbeid

”Barnehagen skal i samarbeid og i forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg, lek og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling”.
(Barnehageloven § 1 formål, del 1)

Samarbeid barnehage - heim

Barnehagen ynskjer eit tett samarbeid med heimen til borna. Me møter foreldre kvar dag ved levering og henting og dette er det viktigaste møtepunktet mellom barnehagen og foreldra. Med samarbeid er meint regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon og grunngevingar. Samarbeidet skal gje høve til å byggje opp gjensidig forståing for dilemma som kan oppstå når omsynet til eitt enkelt barn må sjåast i forhold til barnegruppa. Personalet må arbeide for å finne ein balanse mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og det å ta vare på rettane til barna og dei grunnleggjande felles verdiane som barnehagen byggjer på.

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen må byggje på gjensidig openheit og tillit.

Barnehagen har to foreldremøte i året, eit tidleg haust og eit i vårhalvåret. På desse møta informerer barnehagen om nødvendig og aktuell informasjon og grunngeving for barnehageverksemda og inviterer foreldra til medverknad. Innhaldet på foreldremøta kan vera utvikla i samarbeid med Su, eller ulike tema der andre, t.d PPT eller helsesøster, er spurt om å bidra.

Barnehagen gjennomfører Foreldresamtalar både haust og vår. I god tid før samtale blir det sendt ut skriv til foreldre/føresette. Med spørsmål: ***Kva skal vi ha snakka om for at samtalen skal vera nyttig?***

Foreldreråd og Samarbeids- utval

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

I eit foreldreråd sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Kvar haust blir det valt ein foreldrepresentant som er kontaktperson for foreldrerådet. Det er denne foreldrerepresentanten som kallar inn til foreldrerådsmøte etter ønskje frå foreldre eller når foreldre har meldt inn saker som foreldrerepresentanten meiner bør diskuterast i foreldrerådet.

I samarbeidsutvalet sit foreldre/føresette, tilsette i barnehagen og representant for eigar, slik at kvar gruppe er likt representert. Samarbeidsutvalet skal ha høve til å uttale seg om saker som har vesentleg betydning for barnehagedrifta, t.d. vedtekter, opningstider, barnehage- og skulerute mm. Samarbeidsutvalet er også det organ som fastset barnehagen sin årsplan. Foreldrerådet vel 1 -2 representantar til samarbeidsutvalet og 1 – 2 vararepresentantar. Dette vil avhenge storleiken til kvar barnehage. Personalet og eigar vel tilsvarande representantar for seg.

Barnehagens fagområder



Kommunikasjon, språk og tekst

I Solhaugen barnehage skal me stimulera til leseglede og leikeglede.

Borna i Solhaugen skal oppleve:

- Borna skal møte eit mangfald av eventyr, fortellingar, sagn og uttrykksforma.

Personalet i Solhaugen skal:

- Personalet skal skape eit variert språkmiljø der borna opplever spenning og glede ved høgtlesing, fortelling, sagn og samtale
- Nokon bøker skal munne ut i leik

Personalet skal vise leselyst ved å:

- Vise engasjement og interesse
- Være oppmerksame på bornas interesser og nysgjerrigheit
- Inkludere alle barn

Kommunikasjon, språk og tekst

Bøker treng borna
sin fantasi og det er sant.
Men enda meir sant
er det at borna sin
fantasi har behov for
bøker for å kunne leva.
Borna skaper mirakler
når de les-derfor trenger
de bøker.

Sitat Astrid Lindgren



Kropp, rørsle, mat og helse

I Solhaugen barnehage skal me skape fantasiverda i uteleken

Borna i Solhaugen skal oppleve:

- Rørsleglede og oppleve meistring i naturen gjennom heile året.
- At det ikkje finnes begrensningar for fantasi og leik.

Personalet i Solhaugen skal:

- Utfordre seg sjølv ved å vere aktive, og leikande vaksne.
- Bidra til at barna blir trygge på egen kropp og egne kjensler.
- Respektere andre sine behov og uttrykk.

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva borna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Kropp, rørsle og helse



Kunst, kultur og kreativitet

I Solhaugen barnehage skal borna skape eigne etiske uttrykk

Borna i Solhaugen skal oppleve:

- Opplive stoltheit og tilhørigheit til eiga skaparglede.
- Rom til bearbeiding av møte med kulturelle uttrykk, slik at barnet kan være sin egen forskar.

Personalet i Solhaugen skal:

- Anerkjenne og imøtekomme barnas eigne kulturelle uttrykk
- Visa respekt for bornas uttrykksformer og støtte deira skaparlyst vidare i utforskinga.

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva borna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Kunst, kultur og kreativitet



Natur, miljø og teknologi

I Solhaugen barnehage skal borna få oppleve naturen for leik og læring

Borna i Solhaugen skal oppleve:

- Å leike i naturen heile året.
- At det ikkje fins grensar for fantasi og leik

Personalet i Solhaugen skal:

- Leike saman med borna og skape leikeglede
- Vere spontan og leikande

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva barna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Natur, miljø og teknologi

Kjøpe- vers

Av: Sidsel Mørck 1978

Å kjøpe lakris og karameller
og kjøpe popcorn og jordbæris,
Det er en sykdom å kjøpe-kjøpe
og tygge-tygge for hver en pris.


Å kjøpe bukser og olajakker
og kjøpe skjorter med broderi,
det er en sykdom å kjøpe-kjøpe
og bytte-bytte ustanselig.

Å kjøpe pudder og ansiktskremer
og kjøpe hårspray og neglelakk,
det er en sykdom å kjøpe-kjøpe
og pynte-pynte seg arm og blakk.

Å kjøpe lydbånd og platespiller
og kjøpe stereo og kassett,
det er en sykdom å kjøpe-kjøpe
og lytte-lytte seg ør og trett.

Å kjøpe isdress og danseskøyter
og kjøpe plastski og slalåmdrakt,
det er en sykdom å kjøpe-kjøpe
og sporte-sporte med pomp og prakt.

Å kjøpe-kjøpe er blitt en sykdom
og den er farlig fordi vi tror
at det bestandig er nok å ta av
og evig rikdom på moder jord.



Mengd, rom og form

I Solhaugen barnehage skal borna søke løysningar

Borna i Solhaugen skal oppleve:


- Meistring ut i frå eigene forutsetningar
- At dei får moglegheita til å oppleve matematikkglede gjennom å undre seg over, oppdage og finne egne løysningar.

Personalet i Solhaugen skal:

- Være støttande og oppmuntrande for å auke barnas evne og uthald i matematiske utfordringar
- Inspirere og styrke bornas nysgjerrigheit gjennom bruk av til dømes spill, bøker, musikk, digitale verkøy og naturmaterialar

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva borna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Mengd, rom og form



Etikk, religion og filosofi

I Solhaugen barnehage skal borna få oppleve filosofiske spørsmål

Borna i Solhaugen skal oppleve


- Rom til å samtale og undre seg i samhörighet med andre born og vaksne.
- Å verta sett og respekterte for den bornet er, med sitt kulturelle , religiøse og etiske ståstad

Personalet i Solhaugen skal:

- Undre seg og utforske saman med borna.
- Stimulere til filosoferende spørsmål gjennom bøker og digitale vektøy

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva borna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Etikk, religion og filosofi



Nærmiljø og samfunn

I Solhaugen barnehage skal borna få bli kjent med nærmiljøet

Borna i Solhaugen skal oppleve:

- Å bli kjent med den lokale diktaren Aslaug Låstad Lygre.
- Å utforske diktet/sangen «Du skal ikkje sova bort sumarnatta».

Personalet i Solhaugen skal:

- Tilegne seg kunnskap om Aslaug Låstad Lygre.
- Fabulere/leike med diktet/sangen «Du skal ikkje sova bort sumarnatta».

Relasjonskompetansen skal synes gjennom
Lydhør for kva borna er oppteken av, tenkjer, følar og meiner

Nærmiljø og samfunn



Vi skal ikkje sova bort sumarnatta

Vi skal ikkje sova bort sumarnatta
Ho er for ljøs til det
Då skal vi vandra i saman ute
|: under dei lauvtunge tre.:|

Då skal vi vandra i saman ute
Der blommar i
graset står
Vi skal ikkje sova bort sumarnatta
|: som kruser med dogg vårt hår.:|

Vi skal ikkje sova frå høysåteangen
Og grashoppespelet i eng
Men vandra i lag underbleikblå himlen
|: til fuglane lyfter veng.:|

Og kjenna at vi er i slekt med jorda
Med vinden og kvite sky
Og vita at vi skal vera i saman
|: like til morgongry.:|

BORN SI MEDVERKNAD

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barns synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet".
(Barnehageloven § 3
Barns rett til medvirkning)*

Borna si rett til medverknad

Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis medverknaden blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Barn må både få og oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølve og uttrykkje eigne intensjonar. Dette betyr ikkje at dei får bestemme alt dei vil, men skal oppleve å få val gjennom kvardagen der dei aktivt kan bestemme sjølv. Barn må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk.

Barna skal få oppleve:

- At dei er med å påverkar det som skjer i barnehagen.
- At dei har eit ansvar for eigen aktivitet og kvardag.
- At dei får seie si meining

Personalet skal:

- Ta med barna på planlegging av saker og aktiviteter
- Observere barna og lytte til kva dei har å seie
- Sjå barna der dei er, utfordre og gje oppgåver som gjev moglegheit for utvikling

Måltid

Dersom du ynskjer å lese meir om fiskesprell og få inspirasjon til oppskrifter kan du gå inn på:
www.fiskesprell.no.

Mat og kosthald

Solhaugen Barnehage er ein miljøfyrtårn barnehage. Me skal ha fokus på eit sunt kosthald i alle måltid. Barnehagen er ikke sukkerfri, men jobber for reduksjon av sukkerinntak. Barnehagen serverer frukost, lunsj og fruktmåltid, samt at me serverer frukt eller grønt til alle smøremåltida. Barnehagen fyller helsedirektoratets kostråd ift. valg av pålegg. Barna får tilbud om melk eller vatn til drikke under måltid.

Barnehagen har også fiskesprellkurs der nokre av dei tilsette har lært korleis me kan bruka meir fisk i barnehagen både som smørjemåltid og varmlunsj.

Målet med fiskesprell er å gje barn og unge lyst til å ete meir sjømat, både fordi det smakar godt og fordi det er ein viktig del av eit sunt kosthald.

Dersom det er born som har spesielle behov knytt til måltida grunna allergi, intoleranse el.likn, må personalet bli informert slik at dei kan ta omsyn og evt. inngå eigne avtaler med barnet og familien.

Vi ser at det kan vere viktig å ha fokus på matsvinn. Vi kan bli betre på ikkje kasta mat, men å bruke opp det vi har.

Samarbeid

Samarbeid med andre instansar

For at borna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for oppveksten og utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føresegnene om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

Ressursteam:

Barnehagane organiserer ressursteam der pedagogisk personale kjem saman og legg fram og får rettleiing kring problemstillingar dei har på sin avdeling. Dette kan være problemstillingar knytt til barnegruppa eller kring einskildbarn. PPT deltek fast i ressursteamet ein gong pr mnd. Helsesøster og barnevern blir inviterte eit par gonger pr år for å setje fokus på særskilde tema. Alle saker som blir drøfta i ressursteamet er anonymiserte. Ressursteamet blir og nytta til opplæring innan einskilde tema for pedagogisk personale, og er eit viktig arbeid for å drive førebyggjande arbeid i barnehagen innan t..d. mobbing, utestenging, språkvansker mm.

Grunnskulen:

I samarbeid med skulen legg barnehagen til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Viser til eigen plan for overgang bhg/skule.

Barneverntenesta:

Barnevernet er ein viktig samarbeidspart for barnehagen kring einskilde familier som er i ei vanskeleg situasjon, og for å gi råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema som omhandlar møte med barn som er utsett for omsorgssvikt.

Gjennom den daglege nære kontakten med barn er dei tilsette i barnehagane i ein sentral posisjon når det gjeld å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Alle tilsette i barnehage og skule har opplysningsplikt til barnevernet etter §22 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt for eit barn.

Samarbeid

Helsestasjonen:

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra til barna i kommunen.

Helsestasjonen skal kunne bidra med råd og rettleiing i samband med lækjemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartleggje den motoriske og språklege utviklinga til småbarn.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (ppt):

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om og hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje. Foreldra må trekkjast aktivt med i dette samarbeidet.

Andre samarbeidspartnarar:

Barnehagen samarbeider med lokalsamfunnet for å gi barna varierte opplevingar og tilknyting til nærmiljøet. Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang utifrå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksible at det er rom for spontanitet og medverknad frå borna. Styraren og den pedagogiske leiaren har ansvar for at måla og rammene til barnehagen er klarlagt for personalet, for at der blir utvikla er felles forståing for måla blarnt medarbeidarane, og at foreldra får god og nok informasjon om barnehageverksemda. Det bør leggjast til rette for brei medverknad frå barna, foreldra, barnehagepersonalet og eigaren når ein planlegg, dokumenterer og vurderer den pedagogiske verksemda.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planlegging:

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga av organisering, innhald og prosessar i barnehagane byggjer på måla i årsplanen og underliggjande dokument (Lov om bhg, rammeplan, m.fl) Planlegginga er basert på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon på barnehagen sitt arbeid er viktig for å kunne vidareutvikle arbeidet å sikre kvalitet i tilbodet. Dokumentasjon skal vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling. Aktuell dokumentasjon er ulike planer og sjekklister for gjennomførte aktiviteter gjennom året, og evaluering av desse. All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.

Vurdering:

Personalet vurderer arbeidet i barnehagen fortløpande gjennom året og bruker ulike verktøy for å måle trivnad og utvikling hjå det einskilde barn. Dette året vil vi ha fokus på observasjon og praksisfortellinger der personalet får utviklet sin relasjonskompetansen, kalt **Stjernestunder**. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode, barnesamtaler, og kartlegging ved bruk av TRAS er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

Kontakt informasjon

Kontaktinformasjon

Fabelkroken

Tlf: 416 44 991

Fargeklatten

Tlf : 977 73 492

Byggeriet

Tlf: 416 54 763

Trimmen

Tlf:993 43 504

Styrer

Anita Heggøy

Tlf:483 16 329

E-post: post@solhaugenbhg.no

Barnehage eigar

Barnehagen er foreldre eigd og har på bakgrunn av dette eit styre som består av 2019/2010. Styret sitt arbeid er å forvalte barnehagen sin drift til det beste for borna og tilsette i samsvar med gjeldande lover og regler .

Styreleiar: Ragnhild Langøy mob.: 995 06 900

Nestleiar: Hege Moldøen, eit år igjen, mob: 476 46 044

Styremedlem: Arnhild Hatland,2019,to år igjen

Styremedlem: Monika Knarvik,2019, to år igjen

Styremedlem: Natalie Villanger,2018, eit år igjen

Styremedlem: Iselin Vabø,2018, eit år igjen

Styremedlem vara: June Gullaksen, 2018, eit år igjen

Møteplan for 2019/20

18.september-19, 14.november-19, 22.januar-20,18.mars-20,13.mai-20